

Forskrift om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterar og ventelister i Radøy kommune

Heimel: Vedteke av Radøy kommunestyre den ...dato..... med heimel i lov 24.juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-2 a første og andre ledd, samt pasient- og brukerrrettighetsloven § 2-1 e første ledd av 01.07.2016.

Kap 1.

Formål, lovgrunnlag, definisjon, virkeområde og organisering:

§ 1 Formål

Forskrifta skal sikra den einskilde pasient og brukar med omfattande tenestebehov rett til naudsynnte helse- og omsorgstenester frå Radøy kommune.

Forskrifta skal vidare sei kva kriterar Radøy kommune legg til grunn, for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad, særskild tilrettelagt for heildøgns helse- og omsorgstenester.

Forskrifta skal og fastsetja korleis Radøy kommune skal følgje opp og ivareta pasient og brukar som står på venteliste til langtidsopphald i sjukeheim, eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagt for heildøgns helse- og omsorgstenester.

§ 2 Lovgrunnlag for tildeling av sjukeheim og bustad særskild tilrettelagt for heildøgns helse- og omsorgstenester.

Tildeling av langtidsopphald og helse- og omsorgstenester i sjukeheim er heimla i lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrrettigheter § 2-1 a andre ledd og § 2-1 e første ledd, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og § 3-2 a første ledd.

Tildeling av disposisjonsrett til tilsvarende bustad særskild tilrettelagt for heildøgns tenester er heimla i lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrrettigheter § 2-1 e første ledd, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd og § 3-2 a første ledd.

Tildeling av helse- og omsorgstenester i bustad som nemnt i første setning er lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrrettigheter § 2-1 a andre ledd, evt. også § 2-1 d, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, jf. § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a og b, og/eller § 3-2 første ledd nr. 5, evt. også § 3-8.

§ 3 Definisjonar

Med sjukeheim meinar ein helseinstitusjon som fell inn under forskrift av 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav d og e og § 2.

Med langtidsopphald meinast det opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

Med bustad særskild tilrettelagt for heldøgns tjenester meinast det:

Bustad som er tilpassa for å yte tenester som dekker pasient eller brukers behandlings-, -omsorgs- og assistansebehovdøgnet rundt. Pasient eller bruker må kunne få kontakt og bistand fra egna personell med tilsvarende responstid som vedkommende ville fått på sjukeheim. Pasient eller bruker som får tildelt slik bustad vil få leiekontrakt, betale husleige og får dekket sine hjelpebehov i henhold til individuelle vedtak om tenester i heimen.

§ 4 Virkeområde

Forskrifta gjeld pasientar og brukarar som er folkeregistrert i Radøy kommune jf. lov 24.juni 2011 nr. 30 § 3-1 første ledd.

Radøy kommune disponerar til ei kvar tid eit visst tal plasser som er berekna for langtidsplass i sjukeheim, og eit visst tal omsorgsbustadar eller bustader særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester der det vert gjeve eit tenestetilbod tilsvarande som vert gjeve i sjukeheim, jf. definisjonane i denne forskrifta § 3. Denne forskrifta gjeld tildeling av tenester for mennesker med særskilte hjelpe- og tenestebehov på alle desse plassane.

§ 5 Ansvar og mynde

Enkeltvedtak om tildeling av langtidsplass i institusjon som nemnt i forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav a til d, helse- og omsorgstjenester i og utenfor institusjon i medhald av lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a andre ledd, § 2-1 e første ledd og § 2-1 d, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6, evt. også § 3-2 første ledd nr. 5, § 3-2 a første ledd, § 3-6 og § 3-8 vert fatta av inntaknemnda i Radøy kommune (eigen prosedyre)

Kapittel 2.

Kriteriar for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgn tenester og for å få stå på venteliste til slikt bu- og tenestetilbod

Pasient eller bruker har rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgn tenester dersom det etter ei grundig helse- og omsorgsfagleg vurdering, er einaste tilbodet som kan sikre pasienten eller brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester etter LEON-prinsippet (lågast effektive omsorgsnivå).

Vurderinga skal innehalde beskriving av om alternativ til langtidsopphald i sjukeheim er vurdert. Til dømes: Helse- og omsorgstenester i heimen, dagtilbod, korttidsopphald i sjukeheim, opphald i omsorgsinstitusjon, tilrettelegging av heimen eller omgjevnad, hjelpemiddel og velferdsteknologiske tekniske løysingar, støttekontakt m.m. er aktuelle tenester i ventetida på sjukeheimplass.

Avgjerande for om pasient får langtidsopphald i sjukeheim eller får stå på venteliste til slikt bu- og tenestetilbod er fylgjande:

- a) om det er ledig kapasitet i det aktuelle bu- og tenestetilbodet
- b) kor mykje det hastar for pasienten eller brukaren å få eit anna bu- og tenestetilbod enn vedkommande har i dag.

§ 6 Kriteria knytt til pasienten eller brukaren sine ynskje. Brukarmedverknad.

For å opplyse saka tilstrekkeleg, må det være gjennomført eit møte e.l. med pasient eller brukar og/eller partsrepresentant med fylgjande formål:

- a) innhente samtykke frå pasienten eller brukaren til å innhente ytterlegare opplysningar som er naudsynte for saksutgreiinga frå andre,
- b) gje pasienten eller brukaren den informasjon og rettleiing som trengs for at vedkommande skal kunne ivareta sine interesser i saka, til dømes informasjon om betaling, jf. denne forskriften § 10 tredje ledd, og
- c) få klårt fram kva ynskje pasient eller brukar har, etter at tilstrekkeleg informasjon er gjeve, til dømes om det er pasienten eller brukaren sjølv eller partsrepresentanten som har gjeve uttrykk for desse ynskja.

Pasient eller brukar har rett til å velje å la være å ta imot tilbod om langtidsplass i sjukeheim, med mindre vilkåra i lov 2. juli 1999 nr. 63 kapittel 4A er oppfylt.

§ 7 Kriterier knytt til saksutgreiinga

Saksutgreiing vert gjort i tråd med gjeldande lovverk. Radøy kommune nyttar nasjonalt kartleggingsverktøy (IPLoS) som grunnlag.

a) Fylgjande forhold må vere utgreidd før ein søknad om langtidsopphald kan vurderast:

- Pleie- og omsorgsbehovet
- Søkjars eige ynskje om langtidsopphald
- Svikt i evne til å ivareta eigenomsorg

- Andre relevante tiltak
 - o Tilrettelegging i heimen, f.eks hjelpemidlar
 - o Tryggleiksskapende tiltak, til dømes tryggleiksalarm og velferdsteknologi
 - o Dagtilbod eller andre sosiale støttetiltak
 - o Auka omfang av heimetenester
 - o Omsorgsbustad
 - o Tidsbegrenset opphold i institusjon, t.d. korttids- eller avlastningsopphold

- Familieforhald og nettverk
- Oppdatert pasient- og brukerinformasjon frå kommunen si helse- og omsorgsteneste som yter tenester til søkjar
- Oppdaterte helseopplysningar frå fastlege og eventuelt spesialisthelseteneste

b) Kriterier for tildeling av langtidsopphold sykehjem

Pasient eller bruker må varig vere ute av stand til å ivareta eigenomsorg, og ikkje lenger meistre dagleglivets gjeremål på grunn av mentalt eller fysiske funksjonstap.

Pasient eller bruker må ha eit **omfattande behov** for heildøgns helse- og omsorgstenester, og ikkje få dekt daglege behov for helsetenester, pleie og omsorg på eit forsvarleg nivå i eigen heim.

Under kriteriet omfattande behov, inngår ei heilskapleg vurdering av funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, sett i forhold til:

- Samansatt sjukdomsbilete
- Kognitiv svikt og langtkomen demens
- Ernæring
- Legemiddelhandtering
- Fallrisiko
- Hyppig innleggingar i spesialisthelsetjenesten (sykehus)
- Psykisk helse
- Personlig hygiene
- Forflytting

Kapittel 3

Rett til vedtak og oppfølging av pasientar eller brukarar

§ 8 Rett til vedtak om helse- og omsorgstenester i sjukeheim

Pasient eller brukar har rett til vedtak om langtidsopphald i sjukeheim.

Pasient eller brukar som får vedtak om disposisjonsrett til bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, har rett til vedtak som seier kva tilbod som skal ytast der, som nemnt i denne forskrifta

§ 2 andre ledd.

Ved venteliste, skal vedtaket opplyse om at pasient eller brukar som fyller kriteriane for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, kjem på kommunen si venteliste for langtidsopphald.

Pasient og brukar har rett til å klage over vedtak om avslag på sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester og plass på venteliste for langtidsopphald jf. Pasient- og brukarrettighetslova.

§ 9 Oppfølging av pasientar eller brukarar på venteliste

Pasient eller brukar som kan bu heime i påvente av langtidsopphold i sjukeheim vil få vedtak om å stå på venteliste, samt verte opplyst om kva helse- og omsorgstenester som skal ytast i ventetida. Helse- og omsorgstenestene som vert ytt i ventetida, skal til ei kvar tid vere forsvarlege og behovsdekkande.

Kommunen sine rutinar skal syte for at pasient og brukar på venteliste har naudsynpte og forsvarlege helse- og omsorgstenester medan dei ventar på tildeling av plass i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorgstenester.

Utanom hastesakene, vert slike bu- og tenestetilbod tildelt den av pasientane eller brukarane som vert vurdert til å ha størst behov for det, når det har blitt ledig eit bu- og tenestetilbod.

Pasient eller brukar som har fått enkeltvedtak om å få stå på venteliste, må difor rekne med at pasientar eller brukarar med meir presserande eller større behov, vert prioritert framfor dei, og at det ikkje gjeld nokon tidsfrist for når eit bu- og tenestetilbod som nemnt ovanfor skal gjevast.

Kapittel 4.

§ 10 Betaling for bu- og tenestetilbod

Eigenbetalingen for helse- og omsorgstenester i sjukeheim følgjer reglene i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester i institusjon. Informasjon vert gjeve i vedtaket.

Den einskilde pasient eller brukar har som eit ledd i den informasjonen som skal gjevast etter denne forskrifta § 6 første ledd bokstav c, rett til å få eit grovt overslag over kva det vil koste å motta helse- og omsorgstenester i heimen, bu- og tenestetilbod i sjukeheim, samt bu- og tenestetilbod i tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

§ 11 Klage

Vedtaket kan påklagast jf. pasient- og brukarrettighetsloven § 7-2. Ein klage skal være skriftlig, jf. pasient- og brukarrettighetsloven § 7-3.

Klage vert sendt til inntaksnemnda i Radøy kommune, som tar saka opp til ny vurdering og handsaming.

Dersom det ikkje vert gjeve medhald skal klagen sendast vidare til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Klagefrist er 4 veker, jf. pasient- og brukarrettighetsloven § 7-5.

For nærmare opplysningar, eller ved behov for hjelp til å fremje ein eventuell klage, ta kontakt med leiar i inntaksnemnda.

§ 12 Ikrafttredelse av forskrifta

Denne forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.